



Glad

- **Sjå på denne guten her da, kva slags følelse trur de han har?**
(Ja, han er glad, akkurat som den gule figuren)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at han blei så glad?**
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Kanskje han møtte ein god ven? Kanskje han fekk gjere det kjekkaste han veit? Eller kanskje han leika ein veldig gøy leik saman med ein ven?)
- **Kva trur de guten har lyst til no?**
(La elevane kome med forslag, og hjelp til ved behov. Kanskje har han lyst til å leike vidare med det som er gøy? Eller at dei andre barna skal bli med på leiken?)
- **Kva trur de dei vaksne på skolen kan gjere slik at guten syns det er kjekt å vere glad?**
(Dei vaksne kan smile og seie fine ting til guten. Dei kan snakke til han med ei roleg stemme, og kanskje le saman med han når han har det morosamt. Dei kan passe på at det er lett å ha det gøy i barnehagen, og at det kjennes fint og trygt å smile og le saman.)
- **Kva trur de han tenker på?**
(La barna kome med dømer, hjelp til ved behov. Kanskje han tenker veldig mykje på det han held på med akkurat her og no, og at alle tankar som er redde, triste eller sinte er borte vekk akkurat no? Kanskje han tenkjer veldig mykje på noko han gler seg til? Når vi har gode følelsar har vi ofte gode tankar også!)
- **Er der ulike måtar å vere glad på?**
(Det kan vise eller ikkje vise. Det er grader av glede frå eit lite smil til å hoppe og danse. Og følelsen kan vere der over tid, eller berre kome raskt innom).

